



Leif Ketil Bognøy
NEDRE MANGERBUA 53
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3093 - 22/91704

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
05.12.2022

Ferdigattest - gbnr 137/786 Alver

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 1366/22

Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype:

Leif Ketil Bognøy
Majo Eigedom AS
Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for hagestove på gbnr 137/786/

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdig stilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.04.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.10.2022.

Skildring

Adresse:	Nedre Mangerbua 53. 5911 Alversund
Bygningstiltak:	Hagestove
Bygningsnummer:	301136490181
Bruksareal:	17,4 m2 BRA

Avlaup:	Nei
Vatn:	Nei
Tal på røykløp:	0

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3093

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Leif Ketil Bognøy	NEDRE MANGERBUA 53	5911	ALVERSUND
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ